

## Ulvik fjellstyre – årsmelding 2021



## Innhold

Ulvik statsallmenning .....	3
Ulvik fjellstyre .....	4
Fjellstyrehytter .....	5
Leige av fjellstyrehytter .....	5
Litt om hyttene .....	7
Jakt.....	8
Villreinjakt .....	8
Hardangervidda.....	8
Nordfjella.....	8
Samjaksavtaler Hardangervidda .....	9
Samjaksavtaler Nordfjella .....	9
Småviltjakt utan hund .....	10
Jaktsesongen i tal .....	10
Fiske.....	12
Fangstrapport garnfiske .....	14
Tiltak i statsallmenningen.....	14
Oppsyn/sekretærordning .....	15

## Ulvik statsallmenning

Statsallmenningen i Ulvik dekkjer med sine 400 km<sup>2</sup> vel 57% av arealet i heradet.

Av dette utgjer netto høgfjellsareal (villreinarealet) omlag 363 km<sup>2</sup>. Det er omlag 20 fiskevatn innanfor allmenningen, med eit areal på omlag 20 km<sup>2</sup>

Den delen av Hardangerjøkulen som ligg i Ulvik statsallmenning utgjer omlag 20 km<sup>2</sup>.

Allmenningen grensar mot Eidfjord i sør, mot Hol i aust, mot Aurland i nord og mot private område i Ulvik i vest og på Hallingskeid.

Det meste av allmenningen ligg høgt, og det kan godt vere skiføre til midtsommar.

Dette gjer at sommarsesongen kan verte kort, særleg med tanke på fisket i området. Den vestlege delen av allmenningen er heller kupert, med mykje snøfenner og småbrear. Lenger aust flater terrenget ut og vert meir frodig.

Delar av vestlege delen av allmenningen er prega av kraftutbygging, med fleire store magasin.

Bergensbanen skjer gjennom allmenningen frå Storurdi i aust til Hallingskeid i vest. Dette gjer at allmenningen på mange områder er ulik dei andre statsallmenningane på Hardangervidda. Mellom anna er det mykje hytter i området rundt Finse. DNT si turisthytte Finsehytta og hotellet Finse 1222 ligg innanfor allmenningsområdet. Universiteta i Oslo og Bergen driv Finse forskningscenter.

Delar av allmenningen er underlagt forskjellige formar for vern og regulering:

Den søraustlege delen av allmenningen i området kring Hardangerjøkulen ligg innanfor Skaupsjøen / Hardangerjøkulen landskapsvernområde. Dette vart verna i samband med opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark i 1981.

Heile allmenningen er frå 1997 del av ein felles kommunedelplan for villrein i Nordfjella /Hardangervidda villreinområde

Området mellom Finse og Lågheller er regulert av Ulvik herad i eiga reguleringsplan frå 2001. Her er det mellom anna teltforbod og jaktforbod.

I 2006 vart Hallingsskarvet nasjonalpark og Finse biotovernområde oppretta.

Nasjonalparken dekkjer den delen av Ulvik statsallmenning som ligg nord for Bergensbana frå grensa mot Hol heilt vest til og med Svartavatnet i Såtedalen.

Biotopvernområdet dekkjer 6735 dekar på Finse.

Omsynet til villreinen eit viktig element i alle desse verneområda.

## Ulvik fjellstyre

Fjellstyret er for perioden 2020 - 2023 sammansett slik:

*Knut Sygnestveit, leiar*

*Stig Yngve Røkenes, nestleiar*

*Atle Ulgenes, styremedlem*

*Johannes Sponheim, styremedlem*

*Kåre Olai Solheim, styremedlem*

Representant villreinutval Hardangervidda: *Atle Ulgenes*.

Representant villreinutval Nordfjella: *Stig Yngve Røkenes, vara er Johannes Sponheim*

*Knut Sygnestveit* møter i Fjellstyra på Hardangervidda, FH.

I 2021 vart det handsama 12 saker fordelt på tre møte.

## Fjellstyrehytter

Ulvik fjellstyre har ni hytter og buer i statsallmenningen. Av disse er tre steinbuer som står ulåste, dei seks andre hyttene er låste.

I tillegg er det naust ved Finsevatnet, Kvilinganutvatnet og Søre-Grøndalsvatnet.

### Leige av fjellstyrehytter


Finsebu, Dyrahola, Ripsebu og Søre Grøndalshytta blir leigd ut via Inatur. I perioden 15. juli til 1. oktober er Dyrahola, Ripsebu og Søre Grøndalshytta prioritert til innanbydsbuande, og er då ikkje tilgjengeleg for utleige via Inatur. I denne perioden har Stig Yngve Røkenes ansvar for utleige. Sankebu er utleigd til bruksberettiga som har sau på beite i området. Dei andre hyttene står opne, og kan nyttast mot betaling til fjellstyret i ettertid.

Oversikt over hyttene	Uleigeprisar pr. døgn		
	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande	
Finsebu	Helg: 1000,- Kvardag 700,-	Helg: 1500,- Kvardag: 1200,-	Låst, Inatur
Dyrahola	400,-	1000,-	Låst, Inatur (utanom perioden 15. juli-1.oktober)
Søre Grøndalshytta	300,-	800,-	Låst, Inatur (utanom perioden 15. juli-1.oktober)
Ripsebu	300,-	800,-	Låst, Inatur (utanom perioden 15. juli-1.oktober)
Lengjedalsbu	75,- pr. person		Open
Rundavassbu	75,- pr. person		Open
Austdalsbu	75,- pr. person		Open
Memorgebu	400,-		Låst
Sankebu	Utleigd til sankelag		

### Leieinntekter hytter 2021 (brutto\*)

Finsebu	kr 127 610
Dyrahola	kr 21 700
Ripsebu	kr 28 600
Søre Grøndal	kr 16 080
Sankebu	kr 4 000
Memorgebu	kr 4 000
Lengjedalsbu	kr 1 250
Rundavassbu	kr 0
Austdalsbu	kr 100
<b>Sum</b>	<b>kr 203 340</b>

\* Tala er brutto omsetnad trekt frå refusjon ved avbestillingar.



### Utleigedøgn 2021:

Finsebu: 112

Ripsebu: 38

Søre Grøndal: 25

Dyrahola: 26

Memorge: 10

Lengjedalen: 15

Austdalsbu: 1

## Litt om hyttene

### Finsebu

Dette er den nyaste hytta til Ulvik fjellstyre. Hytta ligg på den gamle skyttarhustomta, og vart ferdig bygd i 2003 og klar til utleige på nyåret 2004. Det er 8 senger i hytta, men brannforskriftene godkjenner overnatting for 9 personar. Det vart bygd ny snurredass vinteren 2011.

I naustet ved Finsevatnet er det båt, utfiskingsgarn og ruser.

### Memorgebua

Dette er ei steinbu som er låst. Bua er utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 2-3 personar.

### Søre-Grøndalen

Hytta er låst, og utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 4 personar. Det er 4 sengeplassar med madrassar i hytta. Det er båt i naustet ved Søre Grøndalsvatnet og 4-6 garn i naustet. I tillegg ligg uthuset med do tett inntil hytta. Solcelleanlegg.

### Dyrahola

Låst hytte utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 6 personar. Det er 4 sengeplassar i hytta og hems med 6 madrassar. Solcelleanlegg

### Ripsebu

Denne hytta er låst. Utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 6 personar. Det er 3-4 sengeplassar med madrassar i hytta. Det er båt tilgjengeleg for brukarar av hytta. Solcelleanlegg. Byta øydelagt panel i 2020 grunna store snømengder, og byta kledning i 2021.

### Sankebu - Austdalen

Hytta er låst. Bua inneheld vindfang/gang, soverom, opphaldsrom m/kokeplass, hems og utedo. Det vart byta kledning på hytta i 2018. Liggeplass for 4 personar.

### Rundavassbu, Austdalsbu og Lengjedalsbua

Dette er 3 enkle steinbuer med omn og køyer. Buene står ulåste. Utbetringa av Rundavassbu er enno ikkje heilt ferdig, men det er håp om at ho i løpet av 2020 skal verta eit koseleg krypinn for fiskarar, jegerar og turgåarar. Etter ei totalreovering i 2015 er Austdalsbu no klar til å ta i mot turfolk. Bua var i særskildt dårleg stand og det var nødvendig med eit «løft» for å ho attraktiv som kvile -og overnattingsstad. Det er propanapparat, bestikk, koppar og kar i alle buene.

## Naust ved Kvilinganutvatnet

Naustet inneheld båt som er til fri bruk for ålmenta.

## Jakt

### Villreinjakt

## Hardangervidda

Kvota for Hardangervidda i 2021 var på 4000 fritt dyr-kort, 4000 bukkkort og 8000 kalvekort. Korttype vaksen bukk blei omgjort til fritt dyr frå og med 6. september. Ulvik fjellstyre sin del av kvota var 149 kort på fritt dyr og 149 kort på vaksen bukk, pluss eit kalvekort per kort. Det blei felt 46 dyr: 12 vaksen bukk, 16 vaksen simle, 4 stk. 11/2-årige bukkar, 9 bukkekalvar og 5 simlekalvar.

Tabell 1. Fellingsresultat Hardangervidda 2021 (frå villreinutval.no).

<b>Kommune</b>	<b>Kvota totalt Fritt / bukk</b>	<b>Kalv hunn</b>	<b>Kalv hann</b>	<b>1 ½ simle</b>	<b>1 ½ bukk</b>	<b>Simle</b>	<b>Bukk</b>	<b>TOTALT</b>
<b>Vinje</b>	1518 749 / 769	84	79	30	45	225	138	<b>601</b>
<b>Nore og Uvdal</b>	1438 709 / 729	32	42	13	13	106	79	<b>285</b>
<b>Ullensvang</b>	1968 978 / 990	42	48	31	36	206	164	<b>527</b>
<b>Eidfjord</b>	1185 585 / 600	44	49	20	13	118	87	<b>331</b>
<b>Tinn</b>	1135 567 / 568	20	13	4	10	64	33	<b>144</b>
<b>Ulvik</b>	298 149 / 149	5	9	0	4	16	12	<b>46</b>
<b>Hol</b>	380 188 / 0192	4	3	4	1	18	10	<b>40</b>
<b>Aurland</b>	31 15 / 16	0	0	0	0	0	0	<b>0</b>
<b>Rollag</b>	21 10 / 11	0	0	0	0	0	0	<b>0</b>
<b>Totalt</b>	7953 3940 / 4013	<b>231</b>	<b>243</b>	<b>102</b>	<b>122</b>	<b>753</b>	<b>523</b>	<b>1974</b>

*Kvota tildelt 50% valgfritt dyr og 50% vaksen bukk 2,5 år og eldre (omgjort til valgfritt dyr f.o.m. 6/9).  
Grungedalstangen er ikke tatt med i tallene – 9 felte dyr.*

## Nordfjella

Kvota i Nordfjella sone 2 i 2021 var 60 kort, fordelt på 15 kort på fritt dyr, 20 simle/ungdyr og 25 kalvar. Det blei ikkje felt dyr på Ulvik fjellstyre sine kort.



Tabell 2. Felte dyr i Nordfjella villreinområde 2021.

Tildelt totalt sone 2:	<b>60</b>
Felt hannkalv	7
Felt hokalv	4
Felt hanndyr 1 1/2	2
Felt hodyr 1 ½	3
Felt hanndyr eldre	13
Felt hodyr eldre	8
Totalt felte dyr:	<b>37</b>

### Samjaktsavtalar Hardangervidda

Samjaktsavtale med Øvre Numedal fjellstyre – 15 jegerar frå Ulvik kan samtidig jakte på Øvre Numedal statsallmenning nord for Lågen, og vest for Langebuåni sør for Lågen. Ulvik fjellstyre gav frå seg fire kort pr jeger som ein del av avtalen.

Avtale mellom Ulvik fjellstyre og Rauland fjellstyre som tidlegare år, x tal jegerar nytta seg avtalen i 2021.

Samjaktsavtala mellom Ulvik statsallmenning og Slondal, Dalen og Brauåne grunneigarlag blei i 2021 endra til å gjelde heile jakta.

Samjaktsavtale mellom Ulvik statsallmenning og Osa/Sævertveit privat – frå jaktstart til 30. september

### Samjaktsavtalar Nordfjella

Samjaktsavtale mellom Ulvik, Hol og Aurland fjellstyre for villreinjakt i sone 2 (området mellom fv. 50 og vassdraget langs Bergensbana). Gjeld frå og med 30.8 og ut jakta.

Samjaktsavtale mellom Ulvik statsallmenning og Osa/Sævertveit privat – frå jaktstart til 20. september

### Inntekter villreinjakta

Kortprisar	Hardangervidda	Nordfjella
Fritt dyr og vaksen bukk*	3200,-	
Fritt dyr		1900,-
Simle/ungdyr		1200,-
Kalv		600,-

\* Kalv på kvart kort på vakse dyr på Hardangervidda i 2021.

Dobbel pris for utanbygdsbuande.

Kortsalet gav ei inntekt på 309.700,-

## Småviltjakt utan hund

Jakttida for småviltjakt i Ulvik statsallmenning er frå 15. september til og med 23. september.

Ordninga med jaktfelt med avgrensa tal tilgjengelege kort for utanbygdsbuande som blei innført i 2020 blei vidareført i 2021:

Skipanuten jaktfelt:	15 vekeskort ( 15.09-21.09 )	15 vekeskort ( 22.09-28.09 )
Grjotrusti / Osafjellet jaktfelt:	15 vekeskort ( 15.09-21.09 )	15 vekeskort ( 22.09-28.09 )
Finse sør jaktfelt:	10 vekeskort ( 15.09-21.09 )	15 vekeskort ( 22.09-28.09 )
Nordfjella jaktfelt:	15 vekeskort ( 15.09-21.09 )	15 vekeskort ( 22.09-28.09 )

I tillegg blir det lagt ut fire sesongkort for utanbygdsjegerar i kvart jaktfelt. Etter dei fyrste 14 dagane er det og mogleg å kjøpe dagskort i kvar av dei fire jaktfelta.

Innanbygdsjegerar får tilbod om dagskort, vekeskort og sesongkort frå fyrste jaktdag. Desse korta gjeld for heile Ulvik Statsallmenning.

## Jaktsesongen i tal

Tal basert på innkomne fangstrapportar:

Jaktdagar: 357

Tal dagar med fangst: 141

Tal dagar utan fangst: 216

Fellingar:

Lirype: 9

Fjellrype: 194

Hare: 4

Tabell 3. Selde kort til utanbygdsbuande i 2021.

	Finse sør jaktfelt	Grjotrusti jaktfelt	Nordfjella jaktfelt	Skipanuten jaktfelt	Sum
<b>Døgnkort utanbygds</b>	61	23	79	16	<b>179</b>
<b>Vekeskort periode 1</b>	10	15	15	8	<b>48</b>
<b>Vekeskort periode 2</b>	10	1	12		<b>23</b>
<b>Sesongkort</b>	4	4	4	1	<b>13</b>
	<b>85</b>	<b>43</b>	<b>110</b>	<b>25</b>	<b>263</b>

Tabell 4. Selde kort til innanbygdsbuande 2021.

	Sum
Døgnkort innanbygdsbuande	8
Sesongkort innanbygdsbuande	5

Tabell 5. Brutto omsetnad for småviltjakt 2021.

	Brutto omsetnad
Småviltjakt utanbygdsbuande	kr 134 500,00
Småviltjakt innanbygdsbuande	kr 4 750,00
<b>Totalsum</b>	<b>kr 139 250,00</b>

Kortprisar	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Dagskort	kr 125,00	kr 250,00
Vekeskort	kr 500,00	kr 1 000,00
Sesongkort	kr 750,00	kr 1 500,00

#### Inntekter småviltjakt 2002-2021

År	Inntekt	Selde jaktkort
2002	kr 78 100,00	213
2003	kr 58 959,00	189
2004	kr 50 000,00	118
2005	kr 59 700,00	199
2006	kr 69 600,00	205
2007	kr 48 600,00	104
2008	kr 64 700,00	162
2009	kr 60 490,00	189
2010	kr 102 100,00	342
2011	kr 83 200,00	234
2012	kr 48 200,00	151
2013	kr 1 000,00	4
2014	kr 1 600,00	11
2015	kr 300,00	2
2016	kr 3 900,00	15
2017	kr 1 900,00	10
2018	kr 122 800,00	394
2019	kr 124 320,00	380
2020	kr 122 875,00	237
2021	kr 139 250,00	276

## Fangststatistikk 2003-2021

År	Jaktdøger	Fjellrype	Lirype	Hare	Tilbakemeldingar
2003	178	229	6	0	65 kort
2004	133	185	2	7	49 kort
2005	160	213	0	3	53 kort
2006	150	161	5	3	53 kort
2007	14	14	0	1	12 kort
2008	123	75	2	0	36 kort
2009	64	26	0	0	28 kort
2010	325	100	3	3	133 kort
2011	305	118	0	7	100 kort
2012	158	54	1	1	62 kort
2013	6	0	0	1	4 kort
2014	12	0	0	1	11 kort
2015	2	0	0	0	2 kort
2016	12	0	0	0	13 kort
2017	10	0	0	1	7 kort
2018	344	269	1	3	46 %
2019	360	242	7	3	52 %
2020	306	200	6	0	75 %
2021	357	194	9	4	73 %

## Fiske

Korttype	Tal selde kort	Brutto omsetnad
Døgerkort stongfiske	194	kr 19 400
2 døggers stongfiske	97	kr 14 550
3 døggerskort stongfiske	59	kr 14 750
Vekeskort	43	kr 15 050
Sesongkort stongfiske	9	kr 6 300
Garnkort for innanbygdsbuar	40	kr 12 000
<b>Totalsum</b>	<b>442</b>	<b>kr 82 050</b>

I tillegg kjem Ulvik fjellstyre sin del av fellesfiskekortet for Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenning – som utgjør 28.052,61,- (netto).

Inntekter av fiskekortsal 2002-2021 (utanom fellesfiskekortet):

År	Inntekt	Selde kort	Tilbakemeldingar
2002	kr 16 353	37	
2003	kr 23 533	49	13
2004	kr 31 778	60	21
2005	kr 14 981	31	9
2006	kr 30 612	72	14
2007	kr 26 418	76	0
2008	kr 26 351	148	2
2009	kr 23 678	117	5
2010	kr 36 430	219	31
2011	kr 35 882	179	23
2012	kr 22 415	132	7
2013	kr 39 783	213	9
2014	kr 46 840	271	15
2015	kr 24 517	65	7
2016	kr 49 075	253	10
2017	kr 43 854	247	12
2018	kr 62 183	297	55
2019	kr 59 380	396	48
2020	kr 23 550	160	5
2021	kr 82 050	442	51

Fiskekortprisar 2021:

Korttype	Pris
Døgerkort stongfiske	kr 100
2 døggers stongfiske	kr 150
3 døggerskort stongfiske	kr 250
Vekeskort	kr 350
Sesongkort stongfiske	kr 700
Garnkort for innanbygdsbuar	kr 300

Fellesfiskekortet – vekeskort: 500,-

Fellesfiskekort - sesongkort: 1000,-

## Fangstrappport garnfiske

Det er kome inn fangstrappport frå 12 kjøparar av garnfiskekort. Rapportane viser at det er mykje fin fisk i vatna i statsallmenningen. Frå rapportane er det mogleg å trekke ut fyljande snittvekter:

Langavatnet	350-543 gr.
Søre Grøndalsvatnet	300-400 gr.
Ustekveikja	350-448 gr.
Kvinå	670 gr.
Grjotrusti/Taugevatn	560 gr.
Rossevatni	100 gr.
Dyrahola	400 gr.
Vetla Rundavatnet	300 gr.

## Tiltak i statsallmenningen

Totalt har Fjellstyra på Hardangervidda as utført 789 timeverk for Ulvik fjellstyre i 2021. Om lag 60% av tida blir brukt på sakshandsaming og drift av fjellstyrekontoret, 15% på oppsynsarbeid og 25% på skjøtselsarbeid i statsallmenningen.

Feltarbeidet for tilsette i Fjellstyra på Hardangervidda har gått med til oppsyn av fiske og småviltjakt og transport og tilsyn med hyttene. Det har vore eit særskilt tilsyn med Finsebu der det er behov for tilsyn med jamne mellomrom. Skifte av kledning og glas på Ripsebu var den største enkeltjobben i 2021.

Det blei sett ut fisk i Kvilinganutvatnet (600), Austre Memorgevatnet (400), Vestre Memorgevatnet (300), tjørn sørvest for Austre Memorgevatnet (300), tjørn mellom Inste Kvilinganutvatnet og Vestre Memorgevatnet (200) og Storfisketjønn (200).

Lavvoen ved Langavatnet til fri bruk for fiskarar og andre blei sett opp i 2021.



Figur 1. Det blei skifta kledning på Ripsebu i 2021.

## Oppsyn/sekretærordning

Ulvik Fjellstyre er medlem av Fjellstyra på Hardangervidda. Harald Normann Andersen har vore sekretær for Ulvik fjellstyre frå han byrja som fjelloppsyn i Fjellstyra på Hardangervidda as i 2009 til han gjekk over i ny jobb hausten 2021.

**Til slutt vil Ulvik fjellstyre takke alle frivillige som har vore med å bidrege på dei ulike tiltaka i statsallmenningen i 2021.**

Knut Sygnestveit -s-

Stig Yngve Røkenes -s-

Atle Ulgenes -s-

Johannes Sponheim -s-

Kåre Olai Solheim -s-